


# Avsky



- **Sjå på denne jenta her, kva slags følelse trur de ho har?**  
(Prøv å snurpe saman ansiktet slik ho gjer og kjenn etter kva den følelsen er. Avsky heiter den.)
- **Kva trur de er grunnen til at ho kjenner avsky?**  
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov.)
- **Kva trur de jenta har lyst til no?**  
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Kanskje ho vil sei Æsj! Kanskje ho har lyst å sleppe unna det ho ser på med avsky? Ikkje måtte ete noko som ser ekkelt ut, eller gjere på det ho ikkje likar, sleppe å sjå på/ta på/høyre på det ho opplever avskyeleg?)
- **Kva trur de dei vaksne på skolen kan gjere slik at jenta synes det er greitt å føle avsky, eller føler mindre avsky?**  
Den vaksne kan vise forståing for at jenta opplever avsky. Vi er ulike og føler ikkje avsky mot det same. Noko bør vi få hjelp til å ikkje kjenne avsky for (andre menneske for eksempel), og andre ting bør vi absolutt føle avsky for (mat som har mygla, eller andre ting vi kan bli sjuke av).
- **Kva trur de ho tenker på?**  
(La barna kome med døme, hjelp til ved behov. Kanskje ho tenker at ho er redd for at ho kan bli smitta eller sjuk, eller kanskje ho tenker at dette er ekkelt og at andre vil synes ho er ekkel også om ho er nær dette?)
- **Finst det ulike måtar å føle avsky på?**  
(Absolutt! Av og til er det berre ei lita rynke på nasen og nesten umogleg å sjå. Andre gongar blir vi kjempekalme og nesten kaster opp. Nokon klarer å skjule det ganske godt, medan andre viser heilt tydeleg kva dei føler).